

# Eksamen

23. mai 2017

HES2001

Helsefremjande arbeid/Helsefremmende arbeid

**Programområde:** Helseservicefag

# Nynorsk

## Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timar.
<b>Hjelpemiddel</b>	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.
<b>Bruk av kjelder</b>	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Vedlegg</b>	Ingen
<b>Informasjon om vurderinga</b>	<p>Kandidaten viser faglege kunnskapar, ferdigheiter og haldningar i arbeid i samsvar med kompetansemåla.</p> <p>Karakteren vert fastsett etter ei heilskapleg vurdering av arbeidet kandidaten utfører på eksamensdagen.</p> <p>Kandidaten skal grunngje og reflektere over kva, korleis og kvifor.</p>

Du arbeider på Helsestasjon A/S og du vel sjølv om du arbeider som:

- Apotekteknikar
- Tannhelsesekretær
- Helsesekretær

Beskriv kvar du arbeider.

## Oppgåve 1

På arbeidsplassen din møter du mange kundar/pasientar i ulike livssituasjonar. I dag møter du Per, som er i eit rusmiljø. Per ber preg av å ha levd eit hardt liv. Han har hosta mykje den siste tida, er bleik og har feber. Han er i periodar lite.

- Ut frå eit heilskapleg helseomgrep og ut frå din observasjon av allmenntilstanden hans, korleis vil du vurdere helsesituasjonen til Per?
- Per ønskjer informasjon og rettleiing om eigenbehandling, og kva han kan gjere ut frå symptoma sine. Utdjup og grunngje.
- Forklar kva det vil seie å vere avhengig og kva for skadeverknader dette har.

## Oppgåve 2

I rusmiljø er det ofte mange som har nedsett personleg hygiene og er utsette for smitte. Med tanke på situasjonen til Per:

- Kva vill du ha informert Per om, knytt til personleg hygiene og smittefare?
- Beskriv kva du gjer i din arbeidskvardag for å ha god hygiene og eit godt smittevern. Utdjup og grunngje.
- Forklar Per korleis immunforsvaret hans arbeider.

### Oppgåve 3

I rusmiljø er det ofte vanleg at brukarar har eit dårleg kosthald og mange røyker.

- a) Forklar kva du vil legge vekt på når det gjeld eit godt og variert kosthald til Per, der du drøftar samanhengar mellom helse, levevanar, fysisk aktivitet og kosthald. Utdjup og grunngje.

### Oppgåve 4

Du opplever at det er ein hektisk og stressande arbeidskvardag på Helseservice AS, noko som fører til at det vert slurva med smittevernrutinar og sikkerheita.

- a) Forklar kva HMS er, og korleis du kan delta i dette arbeidet for å førebygge helseskadar på arbeidsplassen.
- b) Kva kan du sjølv gjere for å ha ein god ergonomi i arbeidskvardagen din, der du førebygger belastingslidingar? Utdjup og grunngje.

## Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	4 timer.
<b>Hjelpemiddel</b>	Alle hjelpemidler er tillatt, unntatt bruk av Internett og andre verktøy som tillater kommunikasjon.
<b>Bruk av kilder</b>	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Vedlegg</b>	Ingen
<b>Informasjon om vurdering</b>	<p>Kandidaten viser faglige kunnskaper, ferdigheter og holdninger i arbeidet i henhold til kompetansemålene.</p> <p>Karakteren fastsettes etter en helhetlig vurdering av arbeidet kandidaten utfører på eksamensdagen.</p> <p>Kandidaten skal begrunne og reflektere over hva, hvordan og hvorfor.</p>

Du arbeider på Helsestasjon A/S og du velger selv om du arbeider som:

- Apoteketechniker
- Tannhelsesekretær
- Helsesekretær

Beskriv hvor du arbeider.

## Oppgave 1

På arbeidsplassen din møter du mange kunder/pasienter i ulike livssituasjoner. I dag møter du Per, som er i et rusmiljø. Per bærer preg av å ha levd et hardt liv. Han har den siste tiden hostet mye, er blek og har feber. Han spiser i perioder lite.

- Ut fra et helhetlig helsebegrep og ut fra din observasjon av hans allmenntilstand, hvordan vil du vurdere Pers helsesituasjon?
- Per ønsker informasjon og veiledning om egenbehandling, og hva han kan gjøre ut fra sine symptomer. Utdyp og begrunn.
- Forklar hva det vil si å være avhengig og hvilke skadevirkninger dette har.

## Oppgave 2

I rusmiljøer er det ofte mange som har nedsatt personlig hygiene og er utsatt for smitte. Med tanke på Pers situasjon:

- Hva ville du ha informert om til Per, knyttet til personlig hygiene og smittefare?
- Beskriv hva du gjør i din arbeidshverdag for å ha en god hygiene og et godt smittevern. Utdyp og begrunn.
- Forklar Per hvordan immunforsvaret hans arbeider.

### Oppgave 3


I rusmiljøer er det ofte vanlig at brukere har et dårlig kosthold og mange røyker.

- a) Forklar hva du vil legge vekt på i forhold til et godt og variert kosthold til Per, der du drøfter sammenhenger mellom helse, levevaner, fysisk aktivitet og kosthold. Utdyp og begrunn.

### Oppgave 4

Du opplever at det er en hektisk og stressende arbeidshverdag på HelseService AS, noe som fører til at det slurves med smittevernrutiner og sikkerheten.

- a) Forklar hva HMS er, og hvordan du kan delta i dette arbeidet for å forebygge helseskader på arbeidsplassen.
- b) Hva kan du selv gjøre for å ha en god ergonomi i din arbeidshverdag, der du forebygger belastningslidelser? Utdyp og begrunn.



[www.vigoiks.no/eksamen](http://www.vigoiks.no/eksamen)